



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 335.2

Sak nr 11/2023

Møtedato: 24.04.2023 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

S645, Sørre Trøllhøvd - rive og bygge nytt sæl (revidert byggesøknad)

Eigar av S645 – Knut Hande søkte i 2022 om å rive og bygge nytt sæl. Dette er ein støl på ein tilleggsgard dei har kjøpt. I sak 21/2022 vart det fatta følgjande vedtak:

Med heimel i stølsforskriften § 10, er Vestre Slidre fjellstyre positiv til omsøkt sæl på vilkår at det ikkje omfattar oppstugu/opphøyd veranda, og at det ikkje har meir enn 80 m2 utnytting målt i BRA.

Det delegeres myndighet til fjellstyreleiar for godkjenning av nye teikningar etter at det føreligg positiv avklaring frå Innlandet fylkeskommune

Etter vedtaket har søkjer vore misfornøgd med utfallet av søknaden. Det har vore dialog mellom søkjer og administrasjonen/fjellstyreleiar. Dette har resultert i ein ny søknad frå Knut Hande som ligg ved saka. Ang drift er dette uendra, så det er fortsatt drift med sau/hest/slått.

Saka er sendt på høyring med nye byggeteikningar. Det er komme inn følgjande uttaler:

Statskog:

Ingen merknader

Innlandet fylkeskommune

Ikkje motteke høyringsvar innan fristen

S 645 Knut Hande

Ynskjer likebehandling med stølsnabo Bjørn Røn (S 834 – behandla som sak 27/2019), som fekk lov med tilbygg på 15 m2 for å etablere bad. Vaskerom er heilt naudsynt finn Hande

Vurdering:

Stølsforskriften § 10 ligg til grunn for avgjerse:

§ 10. Om søknad om å setje opp, utvide og endre hus

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.

Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.

Krav om drift er oppfylt. Det er komme opplysningar rundt arealberekninga, så følgjande opplysningar vart send med høyringsdokumenta (administrasjonens vurdering):

Ut i fra nye opplysningar som er kontrollert og funnet riktig, samt at det er kommet en ny søknad som skal behandles, sender vi dette på høring.

Det presiseres at det ikke foreligger oppdaterte endringer av bygget ut i fra ønsket til tiltakshaver om totalt 115 m2 BRA (innvendig mål). Tiltakshaver ønsker ikke å lage nye tegninger nok en gang før de får avklaring – da dette koster penger. De ønsker likevel dette prøvd med å presisere at bygget utvides (på vinkelbygget) slik at det blir totalt 115 m2.

Administrasjon sin vurdering er følgende:

Det er vanlig å tillate oppbygging av samme hus som før riving.

Imidlertid er 15 m2 i en kjellerstue, og man ønsker av visuelle hensyn/byggeskikk å unngå 2 etasjes bygg.

Derfor vil det være mer rasjonelt å tilpasse nytt bygg med økning på 15 m2 ekstra grunnflate på golvplan.

Dvs et bygg på 95 m2 flate.

Når det gjelder kjellerrom/bryggerhus, er dette i praksis et rom uten vindu med inngang gjennom kjellerlem i golvet. Fra søker ønskes dette innlemmet i grunnflate. Administrasjonen tilrår ikke dette, da dette rommet er ikke bygd som oppholdsrom (i motsetning til kjellerstue). Dersom dette arealet skal videreføres må det da føres opp med samme funksjon som før – dvs rom med inngang gjennom kjellerlem i golvet og uten vindu. Dette vil da i praksis ikke fungere til bevegelseshemma/rullestolbruker – men dette er en konsekvens som følger med dersom dette skal bygges. Dette rommet kan heller ikke da innredes til oppholdsrom/ settes inn vindu.

Det er ønsket handikapp tilpasning på bygget. Dette er tatt opp med søker, der tegninger i dag ikke viser slik tilpasning. Administrasjonen mener at dersom det godkjennes et bygg på inntil 95 m2 grunnflate, bør en kunne finne rom for slike tilpasninger innenfor dette arealet.

Ut i fra den bruken på garden som er sau, bør dette kunne være et funksjonelt hus. Innenfor angitte areal på 95 m2 vil det være rom for å kunne innrede nok soverom/handikapptilpasninger ut i fra de ønsker som er skissert. Dette burde også kunne dekke det behov som denne garden har til funksjonelle bygg tilpasset eksisterende drift, som er i tråd med den politikken som føres ellers i fjellstyret.

Bygget er tidligere innmålt med ytre mål – dvs BYA. Nye bygningskrav har andre krav til isolering m.v, så det er ikke urimelig at dette endres til innvendig mål for å tilpasse dette til dagens krav. Dette øker bygningsvolumet noe (ca 10 %), som også gir flere muligheter enn om bygget hadde vært målt utvendig.

Utforming av bygg:

Slik stølsforskriften er vedteke, gjeld det vilkår om at nye/endingar av bygg skal i utgangspunktet ikkje påverke eksisterande kulturmiljø i vesentleg negativ grad.

Byggeteikningar i revidert søknad viser eit bygg som passar inn i stølslandskapet, og kan godkjennast. Det er ikkje sendt inn endelege byggeteikningar, men ein finn at uttrykket på bygget kan godkjennast. Det kan delegerast til fjellstyreleiar med administrasjonen å endeleg godkjenne byggeteikningar / evt etter ny runde med fylkeskommunen om dette er naudsynt.

Ang høyringsuttale frå Hande:

Saka med stølsnabo er ikkje samanliknbar, då Bjørn Røn hadde eit sel på samla areal 68 m2 etter nytt tilbygg vart ført opp. Når ein legg opp til godkjenning av inntil 95 m2 BRA for Knut Hande er det ikkje eit argument at det skal komme areal for bad/vaskerom i tillegg.

Oppsummert:

Administrasjonen tilrår ei positiv haldning til eit nybygg på inntil 95 m2 BRA, som ivaretek moglegheter for tilpasningar til bevegelseshemma. Dette er i tråd med det arealet som bygget i dag har med lovleg opphaldsrom. Vilkår er at bygget skal ha eit uttrykk som er vist gjennom tilsendte skisser for utvendig fasade.

Det delegeres myndighet til fjellstyreleiar for godkjenning av nye teikningar etter at det føreligg positiv avklaring frå Innlandet fylkeskommune – for å sikre rask saksbehandling

Dette inneber i praksis eit avslag, då omsøkt bygg er ca 115 m5, men ein legg opp til delegert godkjenning dersom byggeteikningar endres til 95 m2 BRA. Rom under kjellerlem kjem i tillegg dersom det førast opp utan vindauge/ingang gjennom kjellarlem og ikkje vert innreda til opphaldsrom.

Framlegg til vedtak:

Med heimel i stølsforskriften § 10, avslår Vestre Slidre fjellstyre motteke byggesøknad med bygg inntil 115 m2. Grunngeving fremgår av saksutredning.

Fjellstyret er positiv til eit bygg inntil 95 m2 BRA og delegerer avgjerd til Fjellstyreleiar på følgjande vilkår:

1. Bygget skal ha eit uttrykk som er vist gjennom tilsendte skisser for utvendig fasade
2. Evt nye teikningar skal godkjennast av Innlandet fylkeskommune
3. Rom under kjellerlem kjem i tillegg dersom det førast opp utan vindauge/ingang gjennom kjellarlem og ikkje vert innreda til opphaldsrom.

Vedtak:

Med heimel i stølsforskriften § 10, avslår Vestre Slidre fjellstyre motteke byggesøknad med bygg inntil 115 m2. Grunngeving fremgår av saksutredning.

Fjellstyret er positiv til eit bygg tilsvarande areal på eksisterande sel, dvs inntil 95 m2 BRA og delegerer avgjerd til Fjellstyreleiar på følgjande vilkår:

1. Bygget skal ha eit uttrykk som er vist gjennom tilsendte skisser for utvendig fasade
2. Evt nye teikningar skal godkjennast av Innlandet fylkeskommune
3. Rom under kjellerlem kjem i tillegg dersom det førast opp utan vindauge. Inngangen skal vera gjennom kjellarlem og rommet skal ikkje innreiast til opphaldsrom.

Enstemmig

Vedtaket er samrøystes.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 25.04.2023

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Randi/Knut Hande
Statskog
Innlandet fylkeskommune
Vestre Slidre kommune